

Moskusender inn i brunsniglekampen

02.05.2007



Dei to moskusendene saman med fire små som set stor pris på dei som nye leikekameratar: Camilla og Emma Myklebust Ripel og Jonas og Kristian Klette Hansen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

To moskusender blir no sett inn i kampen mot brunsniglane i Myro i Uskedalen. Mykje tyder på at dette blir eit rekordår for dei sleipe plageåndene og det gjeld å ha høg beredskap..

Ekspertane ved Universitetet i Bergen fortel at sniglane la unormalt mykje egg sist haust og seinare har den milde vinteren gjeve svært gode tilhøve for dei.. Så seint som i desember la dei franleis egg og var aktive lengre enn normalt, seier ekspertane

Dei spår at det blir fleire sniglar å sjå i sommar enn før og at dei også kjem til å spreia seg til fleire område. Kvar snigel produserar 400 egg om hausten. Det einaste håpet no er at våren held fram med å vera turr. Hvis då ikkje moskusendene kan gjera ein effektiv jobb.

I Myro har det, som andre stader i Uskedalen, vorte stadig fleire brunsniglar dei siste tre åra. No har det også dukka opp ein mindre variant enn den store.

- Ein kan snart ikkje gå eit steg utan å trakke på dei, fortel familiane Ripel (Myro 32) og Hansen (Myro 30) som med kjøpet av to muskusender frå Neshavn på Tysnes har satsa 300 kroner på sniglekampen!

Det var ein kunde på Fredheim Gartneri i Rosendal som kom med rådet om endene. Han hadde svært gode erfaringar med dei som snigle-etàrar og det same hadde han som selde dei på Tysnes. Han kunne fortelja at det på garden hans hadde vore svært mange sniglar før medan det no er heilt tomt.

Endene i Myro har allereie etter stutt tid forsynt seg bra av snigle-matfaten.

Førebelts går dei i ei innhegning, etter at dei flaksa vilt omkring. Men no er vengene klipt og meiningsa er at dei skal spasera fritt rundt og delikatera seg.

Men gjer dei det i den grad at snigleplaga blir borte?

Av Ola Matti Mathisen